



Gjekk ombord med Erik Bye på julekvelden

Far vår var sjømann, og julefeiringa på Myklebust var prega av det.

Eg minnest dei fleste julekveldar utan pappa, og det var eit sagn.



MT Gard som tilhørde HM Wrangells rederi i Haugesund kjem her til Curacao i Sør-Amerika. Far til Konstane, Eli og Kristian var skipsfører på Gard fram til han vart lagt i opplag og hogd i 1961

Før jul var vi på mange måtar heldigare enn dei andre ungane vi voks opp saman med.

For vi fekk store pakkar, eller rettare sagt kassar frå utlandet. Det var appelsiner, bananer, hermetisk frukt, dadlar, fiken, nøtter og mykje anna godt som vi berre fekk til høgtid og fest.

Men når julekvelden kom, var det ein som mangla. Sjølv om vi hadde slektningar vi kunne vera saman med, ville vi vera heime. Tidleg på kvelden kom det telefon over Rogaland Radio, og vi måtte alle snakka med han. Nokre gonger var det dårleg samband, men vi hørde i alle fall stemma hans.

Mamma laga ein fin julekveld for oss. Og når vi hadde ete lutfisk og risengrynssuppe, gjorde vi oss klar til "Vi går om bord". Det vart på mange måtar ei "heilag" stund for oss fire.

Erik Bye reiste rundt og intervjuar norske sjøfolk frå heile verda. Vi sat vel med ein draum om at turen skulle koma til far vår, men så skjedde ikkje. Likevel var det ein måte å inkludera pappa i vår julefeiring.

Eg hugsar desse stundene som svært høgtidsame, og det kunne ofte vera vanskeleg å halda tårene tilbake.

Av Konstane Tveit